

Til konfirmantar og føresette:

INFORMASJON OM KONFIRMANTLEIREN 17.-19. november 2017

Det nærmar seg konfirmantleir på Brandøy!



REISE:

Vi skal til Brandøy leirstad, som ligg på veg ut mot Utbjoa.
Det blir felles avreise med

buss frå Aksdal fredag 17. november ca. kl 17.30. (Den eine bussen korresponderer med buss frå Nedstrand)

Frammøte kl 17.20 på bussterminalen.

Kvar konfirmant ordnar med transport til Aksdal.

Programmet startar med informasjon kl. 19.00. Kveldsmaten blir kl. 20.00.
(Det er lurt å ete mat før du reiser.)

Foreldre/ føresette har ansvar for henting på søndagen!

TA MED:

Alle må ha med sovepose, laken, klede (til både inne- og utebruk!), personleg utstyr/ toalettsaker, Bibel, kulepenn, tøfler /ullsockkar, hallsko (til bruk i gymsalen).

Ta eventuelt med pengar til kiosk.

PRIS:

Dei som er påmeldt har betalt for leiren og bussreisa til Brandøy.

Vi gjer merksam på at det er viktig at alle følgjer leirreglane!

Alvorlege brot på desse kan føre til heimsending.

FORELDRE/ FØRESETTE:

«Kyrjekaffi med noko attått»

Søndagen inviterer vi foreldre/ føresette til avslutningsgudsteneste.

Frå kl.11.30 byr vi på kaffi og heimebakte kaker!

Etterpå blir det **gudsteneste** og deretter heimreise...

Brandøy leirstad ligg ca 8 km frå Ølensvåg, til høgre nede ved sjøen.

Køyr mot Utbjoa, forbi Westcon og Lundeneset.

Ver venleg å berekne tid til parkering på leirområdet.

Til orientering nemner vi at kyrkja har ansvarsforsikring for denne typen arrangement. Hendelege uhell som ikkje kan lastast arrangørane, må eventuelt dekkast med eigen ulykkesforsikring (reiseforsikring blir ikkje dekket av denne).

Dersom du treng meir informasjon

eller det er noko me bør vite, så ta kontakt med:

Ragnhild Meland, menighetspedagog i Aksdal,
telefon 52 75 77 09 eller 97 59 50 69

Marit Sofie Teistedal Vikre, kateket i Tysvær,
telefon 48 13 54 57

Med helsing Ragnhild og Marit Sofie